

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 692/96**av 17. april 1996****om endring av forordning (EØF) nr. 3201/90 om fastsettelse av nærmere regler for betegnelse på og presentasjon av vin og druemost(*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 822/87 av 16. mars 1987 om den felles markedsordning for vin⁽¹⁾, sist endra ved forordning (EØF) nr. 1544/95⁽²⁾, særleg artikkel 72 nr. 5,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2392/89 av 24. juli 1989 om fastsettelse av alminnelige regler for betegnelse på og presentasjon av vin og druemost⁽³⁾, sist endra ved forordning (EØF) nr. 3897/91⁽⁴⁾, særleg artikkel 44 nr. 1 andre leddet andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtane:

I kommisjonsforordning (EØF) nr. 3201/90⁽⁵⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 2603/95⁽⁶⁾, er det fastsett nærmere regler for nemning på og presentasjon av vin og druemost.

I rådsdirektiv 75/106/EØF av 19. desember 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgiving om ferdigpakking av visse væsker i bestemte volumstørrelser⁽⁷⁾, sist endra ved direktiv 89/676/EØF⁽⁸⁾, er det fastsett regler for det nominelle volumet av romfang som kan nyttast ved tapping av vin og druemost i handelen innanfor Fællesskapet. Dei nærmere reglane for opplysningar på etiketten om det nominelle volumet til dei aktuelle produkta bør endrast, slik at opplysningane vert tilpassa det førnemnde direktivet.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 97 av 18.4.1996, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 44/97 av 10. juli 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 1.

(2) TEF nr. L 148 av 30.6.1995, s. 31.

(3) TEF nr. L 232 av 9.8.1989, s. 13.

(4) TEF nr. L 368 av 31.12.1991, s. 5.

(5) TEF nr. L 309 av 8.11.1990, s. 1.

(6) TEF nr. L 267 av 9.11.1995, s. 16.

(7) TEF nr. L 42 av 15.2.1975, s. 1.

(8) TEF nr. L 398 av 30.12.1989, s. 18.

På grunn av tilmeldinga av Sverige og Finland bør det leggjast til svensk og finsk språkversjon av dei uttrykka som er fastsette i artikkel 22 i forordning (EØF) nr. 3201/90.

For å tryggje den gode kvaliteten på vin og druemost og for å hindre at dei vert påførde skade, bør det fastsetjast nærmere reglar for transport. Produkt som er meinte for eksport og underlagde ein prosedyre for innanlands foredling, bør sikrast same vernet og tryggleiken.

Dei nærmere reglane for transport som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med og utfyller dei allmenne reglane for hygiene ved transport av næringsmiddel som er fastsette i vedlegget til rådsdirektiv 93/43/EØF av 14. juni 1993 om næringsmiddelhygiene⁽⁹⁾.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Forvaltingsutvalet for vin -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

I forordning (EØF) nr. 3201/90 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 1 skal andre leddet lyde:

«Produktets nominelle volum skal angis på etiketten med tall som har en minstehøyde på 6 mm dersom det nominelle volumet er større enn 100 cl, på 4 mm dersom det er høyst 100 cl, men større enn 20 cl, på 3 mm dersom det er høyst 20 cl, men større enn 5 cl, og på 2 mm dersom det er høyst 5 cl.»

2. I artikkel 22 vert det gjort følgjande endringar:

a) Følgjande uttrykk vert sette inn før siste leddet:

«— elintarvikekäyttöön,

— för livsmedel».

(9) TEF nr. L 175 av 19.7.1993, s. 1.

- b) Den noverande teksta vert nr. 1, og nytt nr. 2 og 3 skal lyde:

«2. I henhold til artikkel 37 nr. 1 bokstav d) i forordning (EØF) nr. 2392/89 skal beholdere forbeholdt transport av næringsmidler være egnet til transport av næringsmidler i bulk og benyttes utelukkende for dette formål. Alle installasjoner, materialer og gjenstander som de transporterte produktene kommer i kontakt med, og som transportmiddelet er utstyrt med, må også oppfylle disse vilkårene samt vilkårene i artikkel 37 nr. 1 bokstav a), b) og c).

Ved sjøtransport med tankfartøyer skal skipsrederen ved en skriftlig erklæring forsikre at beholdere, installasjoner og utstyr som kommer i kontakt med de transporterte produktene, utelukkende benyttes til transport av næringsmidler. Det skal om bord på fartøyet oppbevares et samsvarssertifikat som bekrefter at de tekniske kravene til transport av vinprodukter er oppfylt, og som er utstedt av vedkommende nasjonale myndighet eller av en godkjent organisasjon som fastlagt i rådsdirektiv 94/57/EF(*) som oppfyller kravene fastsatt i direktivets vedlegg.

Dersom det foretas endringer for at beholdere, installasjoner og utstyr skal oppfylle kravene i artikkel 37, skal samsvarssertifikatet opplyse om datoen for endringen med sikte på transport av næringsmidler.

Vedkommende myndigheter kan kontrollere at bruken utelukkende er til transport av næringsmidler. Uten at det berører bestemmelsene om oppbevaring av offisielle dokumenter, skal skipsføreren etter anmodning fra disse myndighetene kunne framlegge alle opplysninger om den last som er transportert i løpet av de tolv foregående måneder.

3. De vilkår for oppbevaring og transport som er fastsatt i artikkel 37 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 2392/89, får anvendelse også på produkter som hører inn under KN-kode 2204, og på druemost, herunder konsentrert druemost, som hører inn under KN-kode 2009 60, når disse produktene transporteres eller oppbevares med sikte på å gjennomgå eller etter å ha gjennomgått én eller flere innenlands bearbeidingsprosesser.

(*) EFT nr. L 319 av 12.12.1994, s. 20.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 17. april 1996.

For Kommissjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommissjonen